



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Norsk Kraft AS
Statsminister Michelsens vei 38
5231 PARADIS

Dykkar ref

Vår ref
16/790

Dato
9.9.2016

Kastdalselvi kraftverk i Kvam herad i Hordaland - klagesak

NK Småkraft AS (Kastdalselvi Kraftverk) klagar i brev av 14.8.2015 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 3.7.2015 på søknad om løyve til bygging av Kastdalselvi kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 4.9.2015.

1. Bakgrunn

NK kraftverk AS søkte 12.3.2014 om løyve til bygging av Kastdalselvi kraftverk.

Kastdalselvi kraftverk vil nytte eit fall på 323 m i Kastdalselvi, mellom inntak på kote 325 og kraftstasjon på kote 2. Kraftverket vil ha ei slukeevne på 1800 l/s, som svarar til 250 % av middelvassføringa, og installert effekt på 5 MW. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 79 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 19 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 13,2 GWh.

Søknaden er kunngjort og sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. **Kvam herad** går inn for at det blir gitt løyve. **Fylkesmannen i Hordaland** (FM) har fremja motsegn til søknaden. FM meiner utbygginga vil ha uakseptable konsekvensar for fjordlandskap, friluftsliv og reiseliv. **Hordaland fylkeskommune** (FK) tilrår av omsyn til landskap, friluftsliv og reiseliv at det ikkje blir gitt løyve. **Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland, Bergen og Hordaland Turlag** og **Naturvernforbundet i Hordaland** meiner at det av omsyn til landskap, naturverdiar og friluftslivsinteresser ikkje bør bli gitt løyve.

NVE handsama Kastdalselvi kraftverk saman med ti andre søknader om små vasskraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar. NVE avsla åtte av småkraftverka, av desse er det klaga på Skåro kraftverk, Kastdalselvi kraftverk og Risbruelva kraftverk.

2. NVE sine vurderingar

I KSK-notat 65/2015 er NVE sine vurderingar summert slik:

"...

I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Kastdalselvi kraftverk vil medføre at deler av det verdifulle fjordlandskapet i Fykkesund vil miste sitt urørte preg. Etter NVEs syn er inngrepene som er planlagt i strid med OEDs retningslinjer for små vannkraftverk. NVE har også vektlagt at kun Kvam kommune har levert positiv uttalelse til kraftverket, mens alle faginstanser og organisasjoner som forvalter landskapsverdier og friluftsverdier er imot tiltaket. Etter NVEs vurdering vil ikkje de positive sidene ved en utbygging i form av omtrent 13,2 GWh/år i fornybar energiproduksjon overstige disse ulempene."

3. Klagen

NK Småkraft AS klagar i brev av 14.8.2015 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 3.7.2015 på søknad om løyve til bygging av Kastdalselvi kraftverk. Klagar meiner at fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene. Klagar summerer klagen slik:

"...

Kastdalselvi kraftverk (KK) klagar med dette på NVE sitt avslag til Olje- og energidepartementet. Vi er ikkje einige i NVE si vurdering av konsekvensane av dette prosjektet. Spesielt at prosjektet er planlagt i eit område med større eksisterande inngrep, som NVE hevdar ikkje er relevant, og korleis prosjektet vil påverke landskapet for området i forhold til det vi meiner er eksisterande inngrep (420 kV linje innanfor prosjektområdet). Vi merkar oss også at NVE har ein annan definisjon over kva som er indre del av Fykkesund enn den som blir nytta lokalt av innbyggjarane. Dette er relevant då indre del av Fykkesund er vurdert strengare enn midtre og ytre del av sundet slik vi ser det i grunngjeving for avslaget".

4. Departementet sine merknadar

Løyve til Kastdalselvi kraftverk kan bli gitt om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane som er naudsynte for å grunngje avgjerda.

Fykkesund er ein av seks stadar som er kartlagt som urørt fjordlandskap i *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland*. Vidare er området i fylkesdelplanen verdisatt som svært viktig for friluftsliv. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og fleire interesseorganisasjonar er imot Kastdalselvi kraftverk pga. negative konsekvensar for landskap, friluftsliv og turisme m.m.

NVE meiner at Fykkesund er eit svært viktig friluftsområde som har landskapskvalitetar som er sjeldne i regionen og i landet. Etter NVE sitt syn har området eit urørt preg. Kraftlina Sima-Samnanger går i fjordspenn så høgt over sundet at den etter NVE sitt syn ikkje reduserer følelsen av urørthet ved ferdsel på fjorden. NVE meiner at utbygginga vil gi store og svært synlege inngrep i fjordlandskapet som følgje av etablering av tilkomstvegar, påhogg for

tunnel og kraftstasjon. Etter NVE si vurdering er det ikkje mogleg å gjere avbøtande tiltak som gjer at opplevingsverdien av fjordlandskapet ikkje blir vesentleg redusert.

Biologiske verdiar i Kastdalen er undersøkt av Rådgivende Biologer AS, som har utarbeida søknaden sin miljørapport, og i samband med eit forskings- og utgreiingsprosjekt (FOU-prosjekt) med undersøkingar av flora og naturtypar i elver med planlagde småkraftverk. Det er registrert fleire verdifulle naturtypar og artar på Rødlista i influensområdet. NVE vurderer at det er mogleg å unngå direkte inngrep i dei mest verdifulle naturtypene, men vurderer at utbygginga uansett alternativ vil ha negative konsekvensar for den vassdragstilknytta lavarten kystflope, som har status som *nær truet* (NT) i Rødlista 2015.

Departementet si oppfatning er at området har høge verdiar for spesielt friluftsliv og landskap. Departementet meiner det er klart at ulempene for fjordlandskap, friluftsinteresser m.m. er større enn bidraget til ny fornybar energi og andre fordelar ved ei utbygging. For ei nærare drøfting av fordelane og ulempene ved ei utbygging, syner departementet til NVE sitt KSK-notat nr: 65/2015. Departementet finn ikkje grunnlag for å gå mot NVE sin vurdering om å avslå Kastdalselvi kraftverk.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Kastdalselvi kraftverk er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagen frå NK Småkraft AS blir ikkje tatt til følge. NVE sitt vedtak av 3.7.2015 om å avslå Kastdalselvi kraftverk blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar.

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Kvam kommune
Fylkesmannen i Hordaland